

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

RS 9/14 Status pr. februar 2014 frå BRB på selskapskontroll

Kontrollutvalet tek til orientering tilbakemeldinga frå BRB. Det går fram av tilbakemeldinga at frist for ferdigstilling av fleire av tilrådingane er i løpet av første halvår 2014. Kontrollutvalet ber difor om å få ny statusrapport innan utgangen av august 2014.

Slik vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status innan utgangen av august 2014.

RS 10/14 Status forvaltningsrevisjon digital skule

I samband med forrige tilbakemelding på denne rapporten gjorde kontrollutvalet slike vedtak:

«Kontrollutvalet registrerer at det er mange av tiltaka i denne handlingsplanen som ennå ikkje er på plass og vil i samband med utarbeidning av årsmelding for utvalet for 2013 be fylkesrådmannen om å komme med ny status på området pr. 31.12.13.»

Kontrollutvalet registrerer at det framleis er fleire av tiltaka i handlingsplanen som ikkje er på plass og ber om å få ny tilbakemelding innan utgangen av august 2014 når det gjeld punkta 6.2., 8.1., 8.2. og 8.3.

Slik vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet registrerer at det framleis er fleire av tiltaka i handlingsplanen som ikkje er på plass og ber om å få ny tilbakemelding innan utgangen av august 2014 når det gjeld punkta 6.2., 8.1., 8.2. og 8.3.

RS 14/14 Invitasjon til fagkonferanse Forum for Kontroll og Tilsyn i Haugeseund 3.-4.6.14

Kontrollutvalet vart samde om at Lars Erik Dalland skal delta på denne konferansen begge dagar. Torill Veabenstad ønskjer å delta berre på dag 1, utan sosialt arrangement. Sekretariatet syter for påmelding. Dei som elles ønskjer å delta på konferansen tek kontakt med sekretariatet så snart som råd der.

Slik vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lars Erik Dalland skal delta på FKT-konferansen begge dagar. Torill Veabenstad skal delta på dag 1, utan sosialt arrangement. Sekretariatet syter for påmelding. Dei som elles ønskjer å delta på konferansen tek kontakt med sekretariatet så snart som råd der.

Meldingane vart elles teken til orientering.